



Jobbnorge-ID: 287712
Søknadsfrist: 20.10.2025
Nettside: <https://www.digdir.no/>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

Vil du jobbe med cloud native-basert Kubernetes-plattform for kritiske nasjonale fellesløsinger?

Plattformingeniør

Om stillinga

Plattformingeniør Digitale fellesløsinger

Vi søker ein engasjert person til å bli vår nye kollega i plattformteamet i avdelinga Fellesløsinger. Plattformteamet har ansvar for utvikling, drift og forvaltning av ei Kubernetes-basert plattform via OpenShift og cloud native teknologi, som fleire av Digdir sine nasjonale fellesløsinger køyrer på.

Plattformteamet består i dag av eit lite kjerneteam og har utstrekt samarbeid med produkt-team, ekstern driftspartner og intern drift.

Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) er regjeringa sitt verktøy for ei raskare og meir samordna digitalisering av offentleg sektor. Vi utviklar og forvaltar nasjonale fellesløsinger som ID-porten, Maskinporten, elnnsyn, eFormidling, MinID og Altinn, og vi skal bidra til enklare og meir tilgjengelege offentlege tenester for innbyggjarane, og auka verdiskaping for næringslivet.

I tillegg til spanande faglege utfordringar, kombinerer vi fleksibel arbeidstid med gode moglegheiter for kompetanseutvikling, og som ein del av det er det mogleg å reise på konferansar i Noreg og i utlandet. Dersom ein vel Leikanger som arbeidsstad er det kort distanse til friluftseventyr i kvardagen.

Arbeidsstad er hovudsakeleg Oslo eller Leikanger, men kontoret vårt i Brønnøysund kan også vurderast som arbeidsstad.

Sentrale arbeidsoppgåver

- Implementering, utvikling, vedlikehald og konfigurasjonsstyring av plattform
- Hjelp produktteam med å gjere idéar til verkelegheit
- Prosjektdeltaking
- Arbeidsoppgåvene kan til ei viss grad bli tilpassa kompetanse og interesse

Kvalifikasjonar

Du må ha:

- Høgare, relevant utdanning frå høgskule eller universitet, minimum på bachelornivå. Relevant arbeidserfaring kan erstatte manglande utdanning
- Må kunne sikkerheitsklararast
- God munnleg og skriftleg formuleringsevne på norsk og engelsk. Arbeidsspråk er norsk

Du bør ha kompetanse eller erfaring innanfor fleire av desse områda:

- Cloud native basert Kubernetes plattform
- Løsinger med høge krav til kvalitet, sikkerheit og robustheit
- Konfigurasjonsverktøy og automatisering (Kustomize og Helm)
- Logging og tracing (Loki, Grafana, Tempo og OpenTelemetry)
- Applikasjonsovervaking (Grafana, Dynatrace, Prometheus og AlertManager)
- CI/CD: Verktøy for byggepipeline og deploy (Github actions og ArgoCD)
- Verktøy for sårbarheitsanalyse for produkt og plattform (Trivy og Red Hat Advanced Cluster Security)
- Red Hat OpenShift

Personlege eigenskapar

- Systematisk
- Sjølvstendig og tek initiativ
- Involverande og likar å jobbe i team
- Trygg i krevande situasjonar
- Tydeleg og god til å kommunisere
- Bevisst på sikkerheit

Erfaring, fagleg integritet og personlege eigenskapar for stillinga vil bli vektlagt i innstillinga.

Vi tilbyr

- eit godt arbeidsmiljø med ein uformell tone og stor vilje til å skape noko saman
- arbeidsoppgåver i eit fagfelt prega av høg utviklingstakt og eit spennande samfunnsoppdrag
- gode ordningar for opplæring og vidareutvikling
- familievennleg personalpolitikk. Moglegheit for heimekontor
- lønn som rådgjevar/seniorrådgjevar i lønsspenn kr 600 000 - kr 950 000. For spesielt kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare lønn
- fleksitid, sommartid og moglegheit for to timar trening ukentlig i arbeidstida
- [medlemskap i Statens pensjonskasse som er ein av landets beste pensjonsordningar med gunstige bustadlån og gode forsikringsordningar](#)

Les meir om godene ved å jobbe i staten på [Arbeidsgivarportalen](#).

Inkluderande arbeidsliv og mangfald

Vi har tru på at mangfald er ein viktig byggestein i eit godt, spennande og utviklande arbeidsmiljø, og vi oppfordrar alle kvalifiserte kandidatar til å søke. Rett kompetanse på rett stad er vår viktigaste prioritering når vi rekrutterer, og vi vil legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne også kan jobbe hos oss.

Vil du vite meir?

Synes du dette høyst interessant ut og ønskjer meir informasjon, kontakt gjerne

Seksjonssjef Andreas Handegård
E-post: andreas.handegard@digdir.no
Telefon: +47 97716200

Vitnemål og attestar må følgje søknaden. Vi ber om at du hentar vitnemål frå Vitnemålsportalen direkte i Jobbnorge når du søker på stillinga. Har du teke heile eller delar av utdanninga di i utlandet, ber vi om godkjenning frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Søkarlister kan bli offentleggjorde i samsvar med offentleglova § 25. Dersom du ønskjer å reservere deg mot å bli oppført på den offentlege søkjarlista, må dette grunngjevast. Opplysningar kan bli offentleggjorde sjølv om du har bedt om å ikkje bli oppført på lista. Du vil i så fall bli varsla.

Sikkerheit i Digdir

Digdir forvaltar samfunnskritisk infrastruktur. Sikkerheit er derfor integrert i rekrutteringsprosessane hos oss.

I stillingar som blir vurdert som sikkerheitskritiske, må du rekne med å få spørsmål knytt til sikkerheitsmessig skikkaheit i rekrutteringsprosessen.

Vi nyttar Semac til bakgrunnssjekk i samband med våre tilsetjingar.

Om Digdir

Digdir er underlagt Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Direktoratet har om lag 400 tilsette fordelt på våre kontor i Brønnøysund, Leikanger og Oslo. Vi har fire fagavdelingar, to stabs- og støtteavdelingar og eit tilsyn for universell utforming av ikt, som har ei særskilt uavhengig rolle. Våre verdiar er påliteleg, inkluderande og ured. Digdir er regjeringas fremste verktøy for ei raskare og meir samordna digitalisering av offentleg sektor. Direktoratet skal bidra til enklare og meir tilgjengelege offentlege tenester for innbygarane og auka verdiskaping for næringslivet. Visjonen vår er saman for ein enklare digital kvardag. [Les meir om Digdir på våre nettsider Digdir.no.](#)

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Andreas Handegård, Seksjonssjef
Telefon: +47 97716200 | E-post: andreas.handegard@digdir.no

Arbeidsstad:

- Lørenfare 1C 0580 Oslo (Oslo Kommune)
- Skrivarvegen 2 6863 Leikanger (Sogndal Kommune)
- Havnegata 48 8900 Brønnøysund (Brønnøy Kommune)